# Kulturplan for Vaksdal kommune
# 2016 – 2026

*Kulturformidling og kunstproduksjon,*
*bibliotek,*
*fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv*






## KULTUR FOR ALLE

**MANGFALD – SAMHALD – TRIVSEL – UTVIKLING**

Eg er fantasien som må til
for å finna ut  noko om det verkelege.

Tekst frå boka *Eg er*, Kurt Johannessen 2009

# Innholdsfortegnelse

FØREORD ... 3

1 INNLEIING ... 4

1.1. Bakgrunn ... 4

1.2. Lovverk og rammevilkår ... 4

1.3. Visjon og målsetting ... 4

1.4. Iverksetjing og rullering ... 5

2 OM VAKSDAL KOMMUNE ... 6

2.1. Geografi og infrastruktur ... 6

2.2. Kommuneplanen for Vaksdal. ... 6

2.3. Næring ... 6

2.4. Trafikksikker kommune ... 7

2.5. Barnehagar og skular ... 7

2.6. Alderssamansetning – kven skal kulturen nå ? ... 8

2.7. Kulturlivet i Vaksdal kommune ... 9

2.8. Dalekunst – kunst av ungdom, for folket ... 11

2.9. Økonomi – samla innsats kultur 2014 ... 11

3 KULTURAKTIVITETAR I VAKSDAL KOMMUNE ... 13

3.1. Kulturskulen ... 13

3.2. Bibliotek ... 14

3.3. Kulturhus ... 15

3.4. Song og Musikk ... 16

3.5. Idrett ... 17

3.6. Friluftsliv / fellesrom / møteplassar ... 18

3.7. Born og unge ... 19

3.8. Vaksen og eldre ... 20

3.9 Kyrkja / trussamfunn ... 21

3.10 Kultur / næring ... 22

3.11 Fleirkulturell ... 23

3.12 Kulturminnevern ... 24

3.13 Kultur i regional samanheng ... 25

4.0. TILTAKSPLAN ... 26

4.1. Kulturskulen ... 26

4.2. Bibliotek ... 26

4.3. Kulturbygg ... 27

4.4. Song og Musikk (prioritert av Vaksdal musikkråd) ... 27

4.5. Idrett (prioritert av Vaksdal idrettsråd) ... 27

4.6. Friluftsliv / fellesrom / møteplassar ... 28
4.7. Barn og ungdom (prioritert av ungdomsrådet) ... 28
4.8. Vaksne og eldre ... 29
4.9. Kyrkja/trussamfunn (prioritert av fellesrådet) ... 29
4.10. Kultur/næring ... 29
4.11. Fleirkulturell ... 30
4.12. Kulturminnevern ... 30
4.13. Kultur i regional samanheng ... 30
5.0. VEDLEGG ... 31
5.1. Lagsoversikt ... 31
5.2. Idrettsanlegg ... 33
5.3. Organiserte idrettstilbod ... 33
5.4. Friluftsanlegg ... 33
5.5. Kulturhus ... 34



# FØREORD

Målet var raskt å laga ein kortfatta plan som famnar bredt i ein felles kulturplan. Planen har konkrete prioriterte tiltak for kultursektoren for åra framover. Det er utarbeidd ein eigen plan for kulturminne for Vaksdal kommune 2015-2018. Ved vedtak av denne planen vert barne og ungdomsplan for Vaksdal kommune 2009-2019 oppheva.

Oppstart planarbeid var i januar 2015. Me har kikka på ein del kommunar sine kulturplanar, og har lånt gode idear frå andre kommunar, då spesielt kulturplanen til Samnanger kommune.

For å få spelemidlar og andre offentlege midlar  er det eit  krav frå fylkeskommunen  at alle kommunar har ein oppdatert plan for kultur, idrett og friluftsliv. Den førre planen for Vaksdal var frå år 2000 og det var no eit sterkt behov for ei oppdatering.

Planen er gjort mest mogeleg kortfatta med ein tabell for kvart tema. Her får me fram stoda i dag med utfordringar, og ynskje og behov framover. Desse fakta er teke med vidare inn i tiltaksdelen i planen. Her er tiltaka skildra med ansvar for gjennomføring, kostnad og effekt.

For å  få breiast mogeleg kunnskap om kulturfeltet, vart det laga ei eiga arbeidsgruppe for kulturplanen.  Me hadde to møte i januar 2015 i Turbinen. Eitt med Vaksdal idrettsråd + medlemslaga og eitt med Vaksdal musikkråd + medlemslaga. Det er henta inn faktatal om laga når det gjeld drift, økonomi og  medlemmer. Laga har sjølve vore med å laga planen og har gjort prioriteringar på viktige ting for seg.

Det var møte i arbeidsgruppa 21. mai og 1. september 2015 i Heradshuset.
Ungdomsråd og eldreråd har kome med innspel til planen.

24.9.2015 var det ope møte om kulturplanen i kommunestyresalen med lite oppmøte. Planen var også tema på kommunal stand på Daledagane i juni 2015

**Arbeidsgruppa har vore:**
Kyrkja i Vaksdal :  Olav Arne Steinkopf
Ungdomsleiar/ idrett: Monica Balestrand
Idrett: Ragnvald Berge, Kim Gregersen
Song og musikk; Trine Hesjedal, Ole Hesjedal, Dag Olav Faugstad
Kunstlaget:  Bengt Erik Raab
Fotalaje : Jan Cleveland
Vaksdal kommune: Ole Johnny Domben (sekretær), Willy-Andre Gjesdal , Sveinung Klyve (sekretær) , Jan Erik Kolås, Sindre Sortland, Ståle Hesjedal

Vi takker alle som har levert innspel til planen for engasjementet, stå på vidare i arbeidet med utvikling av kulturlivet i Vaksdal kommune !

Tekstar på omslag er frå boka *Eg er*, Kurt Johannessen 2009 med løyve frå forfattar.

Bilete er tatt av Vaksdal kommune med mindre anna er nemnd.

# 1 INNLEIING

## 1.1. Bakgrunn

Den nye kulturplanen byggjer på Vaksdal kommune sin kommuneplan og inneheld mål, strategiar og prioriteringar for kommunen sitt arbeid innanfor kultur- og fritidsområdet. Dette vedkjem innbyggjarane sitt liv frå vogge til grav, og omfattar både bibliotek, kulturskule, oppvekstmiljø for barn og unge, idrett og friluftsliv, kyrkje og trussamfunn, lag og organisasjonar, kulturvern og ulike kulturtilskipingar.

Vaksdal kommune ønskjer at me skal ha ein kommune der det er godt å leva og å bu. Me ønskjer at samfunnet vårt skal vera trygt og prega av omsorg og toleranse. Gode kultur- og fritidstilbod er også viktig for næringslivet og busetnad i kommunen.

Vaksdal kommune har i mange år prioritert å støtta det frivillige og lokale kulturlivet. Den nye kulturlova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk. I § 4 i Kulturlova heiter det:

*"Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt."*

## 1.2. Lovverk og rammevilkår

Følgjande lover er styrande for kulturarbeidet i kommunen:

- Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- Lov om kulturminne.
- Barnehagelova § 2 og Rammeplan for barnehagar omhandlar barnehagen som formidlar av kultur og kreativitet.
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 13-6 omhandlar musikk- og kulturskoletilbod.
- Kunnskapsdepartementet – "Skapende Læring"; Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010
- Barnekonvensjonen (FN) artikkel 31omhandlar rettar for born til å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd.
- Lov om folkebibliotek.
- Lov om film og videogram.

Dei økonomiske rammene er avgjerande for kulturtilbodet/aktivitetane den enkelte kommune kan tilby.

## 1.3. Visjon og målsetting

Kulturverksemd er eit vidt begrep, men Kulturlova gjev følgjande definisjonar i § 2
*a. skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,*
*b. verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,*
*c. delta i kulturaktivitet,*
*d. utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse.*

I vårt arbeid med kultur i Vaksdal Kommune vil me ta utgangspunkt i visjonen vår:
*Vaksdal – bynært bygdeliv*
Med mål om: ***"Kultur for alle"* med underteksten: MANGFALD – SAMHALD – TRIVSEL – UTVIKLING**

**Med ynskjer at kultur skal:**

- vera ei positiv skaparkraft og utfalding som gjer at me får eit betre samfunn å bu i.
- skapa meir toleranse og forståing for andre menneske.
- gje oss vilje til å ta vare på gode tradisjonar og evne til å tenkja nye tankar.
- i sum vera alle positive byggjesteinar i vårt samfunn.

Med ynskjer at k**ultur i Vaksdal Kommune skal**

- vera eit bærande element i den kommunale planlegging og utvikling.
- vera identitetsskapande.
- vera ein trivselsfaktor.
- vera stabiliserande.
- skapa møteplassar
- vera inkluderande.
- vera aktiviserande.
- vera førebyggjande.

Med desse definisjonane / vurderingane / måla i botnen ønskjer me at planen skal verta ein arbeidsreiskap for alle kulturaktørar i Vaksdal Kommune.

## 1.4. Iverksetjing og rullering

Planen gjeld for perioden 2016 – 2026. Dei større tiltaka vert prioritert av kommunestyret gjennom budsjett og økonomiplan eller i enkeltvedtak.



Foto: Dale Musikkforening med James Bond konsert under Daledagane 2015 i Turbinen til fullsett sal.

# 2 OM VAKSDAL KOMMUNE

## 2.1. Geografi og infrastruktur

E-16 går gjennom kommunen og det same gjer jernbanen mellom Oslo og Bergen.




## 2.2. Kommuneplanen for Vaksdal.

Gjeldande kommuneplan er frå 2009, med visjonen om «Bynært bygdeliv». Saman med denne vart det utarbeid ein barne- og ungdomsplan som no vert erstatta av denne planen. Kommuneplanen for Vaksdal var under rullering ved utarbeiding av denne planen. Denne Kulturplanen vil kunne vere nyttig inn i arbeidet med rullering av Kommuneplanen.

## 2.3. Næring

Vaksdal er naturkommunen som også har eit stort industripreg.  Naturenergien i vassdraga gav frå 1860-åra  grunnlaget for stor industriproduksjon.Kommunesenteret på Dale er kjent for sitt tekstilmiljø. Med flaggskiper «Dalegensaren».  Tettstaden Vaksdal har mølleanlegg med produksjon av mellom anna mjøl og dyrefor. Kommunen er prega av vakker natur med bratt fjell vatn som stuper ned i vassdrag og fjord.

Kommunen har store naturressursar innan jord og skog, vilt og fisk.  Det meste av vassressursane er nytta til vasskraftutbygging. Dei flate og bruksenkle areala ved fjord og vassdrag er for det meste bebygd. Bergsdalen og Eksingedalen er to grøderike fjelldalar og jordbruksbygder med mellom anna lange og viktige vassdrag og verdifull  skog- og jordbruksproduksjon.




Foto: Vaksdal Mølle ca år 1900.Båten Bergensfjord ligg ved kai.

## 2.4. Trafikksikker kommune

Den 20. januar 2016 vart Vaksdal kommune godkjent som trafikksikker kommune. Dette er ein godkjenningsordning i regi av Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune, og inneber ei sektorovergripande arbeid for tenesteområda oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling. Godkjenninga inneber at Vaksdal har eit systematisk trafikktryggingsarbeid «frå vugge til grav», både internt i tenesteområda og ut mot innbyggarane.

## 2.5. Barnehagar og skular

Det er viktig å sjå utdanningssystemet som ein heilskap, der barnehage, skule og kulturskule er viktige arenaer for kultur- og kunnskapsformidling. Barnehagen skal vera ein arena for utvikling av kulturelle identitetar, og skulen har fleire fag som rommar kompetansemål innan kunst, kultur og estetikk. Kulturskulen i Vaksdal har eit fint samarbeid med skulane. Nasjonal satsing gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) gjer sitt til at elevar får formidla profesjonell kunst og kultur. Barnehagane og skulane er viktige og aktive kulturskaparar og kulturformidlarar. Det er ynskjeleg at denne gode utviklinga må halda fram og at både skule, barnehagar og kulturskulen kan vera fellesarenaer der alle kan få ta del i kulturopplevingar uavhengig av familiebakgrunn. I tillegg vil det verta viktig å utvida kulturskulen slik at den kan representera fleire kulturutrykk.

Skulane samarbeider med folkebiblioteket om litteraturformidling, nokre av skulane har eiga skulebibliotek. Det er ynskje om å få til eit ytterlegare og fastare samarbeid mellom folkebiblioteket, skulane, barnehagane.

Det finst ingen vidaregåande skule og elevane må reisa til nabokommunane Voss eller  Bergen for å ta vidaregåande utdanning.



## 2.6. Alderssamansetning – kven skal kulturen nå ?

Figuren under viser alderssamansetning i kommunen per 1. januar 2015. Aldersgruppa som er født i perioden 1955 – 1964 er markant høgare enn dei andre gruppene.




Figuren nedanfor syner prognose for utvikling i folketal og alderssamansetning fram mot 2040. Utviklinga er basert på prognose for middels nasjonal vekst (SSB-MMMM), og inneber at Vaksdal kommune når den overordna målsettinga om folketalsvekst.




| | 2015 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 75+ | 479 | 462 | 491 | 560 | 610 | 679 |
| 67-74 | 346 | 373 | 397 | 412 | 422 | 382 |
| 35-66 | 1603 | 1659 | 1694 | 1700 | 1710 | 1711 |
| 19-34 | 794 | 819 | 767 | 747 | 726 | 765 |
| 16-18 | 170 | 124 | 154 | 137 | 168 | 177 |
| 0-15 | 759 | 812 | 865 | 904 | 911 | 890 |

## 2.7. Kulturlivet i Vaksdal kommune

Vaksdal kommune har eit rikt og levande organisasjonsliv; idrettslag, song- og musikklag, Røde Kors, historielag, husflidlag, pensjonistlag, diverse kristelege foreningar for alle aldersgrupper, samt ei rekkje lag som arbeider for å spreia kunnskap om og styrkja stoda for menneske med spesielle lidingar til dømes lag for funksjonshemma og revmatikarlag . Den totale lagsoversikta tel om lag 70 lag/organisasjonar.

Kommunen driv aktivt kulturarbeid gjennom kulturskulen og folkebiblioteket, tilrettelegg for aktivitetar innanfor den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og arrangerer årleg ungdommens kulturmønstring og villmarksleir for born og unge.

Kommunen stettar også lag og organisasjonar gjennom ulike tilskottsordningar t.d. tilskot til: ålment kulturarbeid, idrettslag, song og musikklag, barne og ungdomsarbeid, kjøp av korpsinstrument og gjev kvart år ut kulturstipend og kulturpris.

Større arrangement i regi av organisasjonslivet: Vintertreffet, Bygdedagar i Bergsdalen, Kulturdagar på Stamnes, Eksingedalsmarknad, Vertshuscup i fotball og Daledagane, som er eit samarbeidsprosjekt mellom kommune, lag/organisasjonar og næringslivet.

Den sentrale plasseringa av kommunen, mellom Bergen og Voss, gjer at ein kan nyta godt av både by- og bygdekultur.

**Daledagane mat & kulturfest** er det største kulturarrangementet i Vaksdal kommune, og feira i 2015 30 år. Dagane går av stabelene fyrste helga i juni. Dette er eit samarbeid mellom kultur, frivillige, næringsliv og kommunen. Daledagane er blitt eit viktig arrangement for kulturlivet i kommunen, då det gir alle som driv med kultur moglegheit til å få vist eit større publikum kva ein driv med. Daledagane er festdagar for lokalbefolkning og tilreisande, eit av varemerka er dei mange utflytta sambygdingane som nyttar daledagane til å vitja heimbygda. Dette er dagane då amatørar og profesjonelle kulturformidlarar drar lasset ilag. Aktivitetar for born, standar, utstillingar, mat, konsertar osv. er ting ein kan oppleva på Daledagne. Daledagane er ei helg som både aktørar og publikum ser fram til og trivst med.

Daledagsnemnda er ein tilretteleggjar, arrangementet er basert på at ein klarer å mobilisere frivillige lag og organisasjonar til ein stor folkeleg dugnad. Det same gjeld for næringslivet med tanke på sponsorinntekter. Vaksdal kommune vil saman med Daledagsnemnda arbeide for rekruttering og revitalisering av Daledagsnemnda.

**Vintertreffet** vert arrangert kvart år av Vaksdal Underhaldningslag. Dette er ein festival som strekker seg over tre dagar, frå torsdag til laurdag. Dagane inneheld både humor og musikk, noko for dei vaksne og noko for dei små. Ein del av pakken er også marknadsdag, konferanse og bakedag.

**Bygdedager i Bergsdalen** vert arrangert kvart år ved skulen i Bergsdalen. Bygdadagen inneheld kulturinnslag av ymse slag, standar, aktivitetar for born og unge og mykje god mat og drikke. Dagen vert avslutta med dans på Bergsdalstunet.

**Kulturdager på Stamnes** med fiskefestival vert arrangert kvart år på Stamnes.

**Eksingedalsmarknad på Lavik** vert arrangert annakvart år. Marknaden er eit møtepunkt for eksingedølar og andre. Arrangør tilrettelegg for salsboder med handverk, lokalprodusert mat og kulturinnslag av ymse slag.




I 2014 var det 129 medlemmar i kor og 97 medlemmar i korps tilslutta Vaksdal musikkråd. Ikkje alle lag har rapportert inn medlemstal i 2005 og 2014. Av dei som har rapportert inn så ser ein at nokre lag har hatt vekst, medan andre ein tilbakegang i medlemstalet. Ein hovudutfordring for mange av laga er rekruttering av nye medlemmar.




Når det gjeld idrett var det i 2014 1573 registrerte medlemmer Norges idrettsforbund i lag tilslutta Vaksdal idrettsidrettsråd. Tal medlemmer har auka frå 1520 i 2005. Vaksdal idrettslag og Geitabotn Motorcrossklubb har hatt ein jamn auke i perioden, medan idrettslaga Eksingedalen og Stanghelle har hatt reduksjon i medlemstalet. For Vaksdal er truleg litt av forklaringa ny kunstgrasbane.

## 2.8. Dalekunst – kunst av ungdom, for folket

Dalekunst er eit prosjekt i regi av Dale Ungdomsskule med særleg fokus på ungdomskultur. Dalekunst rettar seg spesielt mot 10. klasse under valfaget sal og scene og endar kvart år med utstilling under Daledagane i starten av juni. Dei siste åra har gatekunst, eller street art, stått i sentrum, men film, animasjon, uttrykk frå dataspel og andre installasjonar har og funne sin naturlege plass. Vaksdal Kommune er ein gamal industrikommune, men sysselsettinga i industri har lenge vore synkande og lokalsamfunnet er no i endring. Dalekunst er sterkt knytt til lokalmiløet og kombinerer ikon og symbol frå industrisamfunnet med nyare estetikk. Dalekunst samarbeidar med fleire lokale bedrifter. T.d. dalegenseren er profilert frå starten av, både som grafitti, i film og på foto, og deltakarar i prosjektet er med på å dekorere lokala til ulike firma. Utstillingsdelen av prosjektet har vore både på Dale Ungdomsskule og i gamle industrilokal i Dale Fabrikker.

Dalekunst er unikt i sitt slag og vart etablert som eit prosjekt med økonomisk og administrativ støtte frå kulturskulen i 2012. Kulturskulen er framleis ein viktig samarbeidspartnar, og samarbeidet på tvers av einingar er både av økonomisk, kreativ og administrativ art. No er gjennomføringa av Dalekunst veldig avhengig av ei gruppe nøkkelpersonar. For å styrke prosjektet er det eit mål å styrke samarbeidet mellom ungdomsskulen og kulturskulen, involvere fleire personar og å synleggjere rollene betre.







## 2.9. Økonomi – samla innsats kultur 2014

Vaksdal kommune nytta i 2014 2 571 kroner per innbyggjar til kultur. Dette utgjorde i 3,8 % av driftsbudsjettet, og kommunen er med dette på gjennomsnittet i Hordaland og landet når det gjeld samla innsats til kultur.

| | Vaksdal | Samnanger | Osterøy | Radøy | Hordaland | Noreg |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kostnader til kultursekoren, millionar kr | 10,5 | 3,6 | 7,4 | 8,6 | 1002,9 | 9813,3 |
| Kostnader til kultursektoren, kr per innbyggjar | 2 571 | 1 476 | 1 785 | 1 106 | 1 961 | 1 921 |
| Andel av totalt driftsbudsjett | 3,8 % | 2,3 % | 1,9 % | 3,0 % | 3,8 % | 3,7 % |

I 2014 så vart  den kommunale ressursbruken innan kultur fordelt som vist i tabellen under. Av samla forbruk innan kulturområde på 10,66 millionar vart 450 000 kr gitt som direkte støtte til lag og organisasjonar etter gjeldande retningsliner for tilskot.

| | Kostra teneste | Rekneskap 2014 | Andel |
|---|---|---|---|
| 231 | AKTIVITETSTILBOD BORN OG UNGE | 1,14 | 10,7 % |
| 365 | KULTURMINNEVERN | 0,11 | 1,0 % |
| 370 | BIBLIOTEK | 1,31 | 12,3 % |
| 375 | MUSÉER | 0,06 | 0,5 % |
| 377 | KUNSTFORMIDLING | 0,01 | 0,1 % |
| 380 | IDRETT | 0,58 | 5,5 % |
| 381 | KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG -ANLEGG | 2,23 | 20,9 % |
| 383 | MUSIKK- OG KULTURSKULE | 3,83 | 35,9 % |
| 385 | ANDRE KULTURAKTIVITETAR | 0,54 | 5,1 % |
| 386 | DRIFT OG VEDLIKEH.  KOM.  KULTURBYGG | 0,85 | 7,9 % |
| | **TOTALT KULTUR** | **10,66** | |

# 3 KULTURAKTIVITETAR I VAKSDAL KOMMUNE

| 3.1. Kulturskulen<br>Kulturskulerektor har ordet | | |
|---|---|---|
| **Slik har me det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer me for framtida** |
| Vaksdal Kulturskule har tilbod på instrument, song og visuell kunst og samarbeider med Vaksdal Folkebibliotek om kurs i skapande skriving. Kvar veke får om lag 100 elevar kulturskuleundervisning, og i tillegg har skulekorps, vaksenkorps og kor glede av subsidierte dirigenttenester. Kommunen har eit frodig lags- og organisasjonsliv, og korps og kor har jamn aktivitet gjennom heile året.<br>Vaksdal Kulturskule er heldig plassert når det gjeld å trekke til seg kompetente lærekrefter. Lista over tidlegare elevar som har gått vidare med kunst og kultur er lang, men me har for få elevar i førskulealder og me missar for mange i ungdomsskulealder.<br><br>Kulturskulen er sterkt involvert i dei årlege arrangementa Ungdommens Kulturmønstring, Kulturskuleveka og Daledagane/Dalekunst. | Kulturskulen må jobbe mot eit tilbod som er langsiktig innretta der me kan jobbe med elevane våre over ein periode som strekk seg over fleire år. Skal det være interessant frå førskulealder til ungdomsskulealder å være kulturskuleelev må me innrette tilbodet annleis enn i dag.<br>Nasjonalt er det stor uro over at kulturskulane missar elevar som byrjar på ungdomsskulen. Lokalt merkar me og denne problemstillinga men ser at ei sterkare satsing på samarbeidet med ungdomsskulen om Dalekunst kan være ei løysing for dei eldste.<br>Norsk Kulturskoleråd sin nye rammeplanen for kulturskulen (2014) har mange gode element som me vil jobbe med å implementere. «Opplæringen skal bidra til barn og unges danning, fremme respekt for andres kulturelle tilhørighet, bevisstgjøre egen identitet, bli kritisk reflekterende og utvikle egen livskompetanse» | For å halde på dei eldste elevane: Utvikle samarbeidet med ungdomsskulen under paraplyen Dalekunst. Me må og få eit fungerande bandtilbod i kulturskulen.<br><br>For å fange opp elevar tidlegare: Gå inn i eit tettare samarbeid med barnehagane. Kulturskulen har hatt ei rekke prosjekt i barnehagane dei siste ti åra, og slike samarbeid med barnehagane definerer den nye rammeplanen som «grunnprogrammet»<br><br>Om det skal byggjast ny skule på Dale må kulturskulen inn i same bygg og samlokaliserast med grunnskulen.<br><br>Me vil jobbe med å implementere dei gode tankane og ideane i Norsk Kulturskoleråd sin nye rammeplanen for kulturskulen. |

Heimeside: www.vaksdalkulturskule.no





## 3.2. Bibliotek
### Biblioteksjefen har ordet

| Slik har med det | Vurderingar / utfordringar | Dette ynskjer med for framtida |
|---|---|---|
| Biblioteket i Vaksdal kommune er ei lovpålagt teneste.<br><br>Oppgåvene er å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd ved informasjonsformidling, å stille bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for innbyggjarane.<br>Tilgongen til informasjon og litteratur skal ikkje vere avhengig av økonomisk evne.<br>I Vaksdal vert det lagt vekt på at det skal vere kvalitet, mangfald og aktualitet i folkebiblioteket sine tilbod til alle generasjonar.<br>Folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.<br>Biblioteket i Vaksdal kommune er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem.<br><br>Vaksdal folkebibliotek har to avdelingar, hovudbiblioteket på Dale og Vaksdal filial på Vaksdal.<br>I Vaksdal filial vert det lagt vekt på at det skal vera kvalitet, mangfald og aktualitet i folkebiblioteket sine tilbod til alle generasjonar. Det vert særleg lagt vekt på barn og ungdom med ei rekkje tiltak retta mot denne gruppa.<br><br>Biblioteket held til i Dalehallen og er ikkje universelt utforma. | Biblioteklokalet i Dalehallen er triveleg, men vi har lite areal til disposisjon der. Pr. i dag er det usikkert kva som skjer med Dalehallen. Hvis det blir slik at biblioteket skal ut av Dalehallen, hadde det vore ynskjeleg med eit langt større lokale enn det biblioteket har i dag.<br><br>Biblioteket er for lite til å gje plass til alle dei aktivitetane som eit bibliotek skal ivareta. Vi saknar spesielt ein romsleg plass til å ha arrangement, men også plass til studieplassar og lekekroker.<br>Spesielt utfordrande er det å finne plass for digitalt utstyr som skal vere tilgjengeleg for publikum.<br><br>Elles er det naturlegvis spenning knytta til eventuell kommunesammenslåing i åra som kjem, og korleis biblioteklandskapet i kommunen vil sjå ut etter ei slik sammenslåing.<br><br>Spesielt utfordrande er det å finna plass for digitalt utstyr som skal vera tilgjengeleg for publikum. | Det vert laga ein bibliotekplan for Vaksdal kommune. I planen vil det vera fokus på m.a. å:<br>• Innføring av «opent bibliotek» med Vaksdal filial som pilot.<br>• Gje innbyggjarane våre eit allsidig, aktuelt og godt tilbod av bøker og andre media.<br>• Fremje leseglede og leseevne, særleg mellom born og unge.<br>• Gje innbyggjarane tilgong til og kunnskap om nettbaserte tenester.<br>• Hjelpe og gje tilbod til skuleelevar, studentar og andre i ein læringssituasjon.<br>• Utvikle biblioteket vidare som treffstad og arena for tilskipingar og utstillingar, med særleg fokus på lokale aktivitetar. |

Heimeside: www.vaksdalbibliotek.no

## 3.3. Kulturhus

| Slik har med det | Vurderingar / utfordringar | Dette ynskjer med for framtida |
|---|---|---|
| Det er mange bygningar i kommunen som tener som hus for ulike kulturaktivitetar. Me kan nemna:<br><br>• Skular og samfunnshallar<br>• Ungdomshus<br>• Grendahus<br>• Bedehus<br>• Forsamlingshus<br>• Kyrkjer<br>• Dalehallen<br>• Turbinen Fleirbrukshall<br><br>Fullstendig liste, sjå vedlegg! | I mange samanhengar viser det seg at kulturbygga våre ikkje er tenelege til det føremålet som me ynskjer å nytta dei til.<br><br>Turbinen og Dale kyrkje er store nok til å husa meir enn 300 personar. Dei andre lokala kan husa frå ca 300 og ned til om lag 80 personar.<br><br>Samstundes er det ein utfordring at vi er så få at eit rein kultursal/kulturbygg risikerer å stå mykje tomt. Inntektspotensialet i form av billett- og leigeinntekter vil vere begrensa så det er ein utfordring å sikre ein berekraft drift.<br><br>Ein god løysing kan vere eit fleirbruksbygg som rommar fleire funksjonar i tillegg, til dømes konsertsal, skule, bibliotek, kulturskule, notearkiv og ungdomsklubb og fleirkulturell kafé.<br><br>I denne prosessen må ein også sjå nytt kulturhus i samanheng med eksisterande kulturbygg generelt, og Dalehallen spesielt. | Etablera eit berekraftig fleirbruksbygg med kultursal som fungerer saman med dei andre kulturbygga i kommunen. Dette kan med fordel vera eit bygg som kan ha sambruk med andre kommunale tenester. |





| 3.4. Song og Musikk<br>Vaksdal musikkråd har ordet | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| Sidan industrialiseringa av kommunen vår for snart 150 år sidan har song og musikk vore miljøskapara i bygdene våre.<br>Det er i 2015 tre kor for vaksne som rekrutterer sine medlemmar frå heile kommunen: Kilden, Kordial og Dale Mannskor. Det er òg etablert tre barnekor; på Stamnes, Dale og Vaksdal. Barnekora på Dale og Vaksdal opptrer i lag. På Stamnes er det i tillegg baby/småbornssong.<br>Vaksdal Musikklag, Dale Musikkforening og Blanke Messingen (Stamnes) er dei tre korpsa for vaksne som er aktive.<br>Vaksdal barne- og ungdomskorps rekrutterer utøvarar (6-16 år) frå heile kommunen. I tett og godt samspel med Kulturskulen får barn og unge opplæring og mestring i samspel og solospel. Korpset samarbeider med både vaksenkorps i kommunen og skulekorps frå andre kommunar.<br>Laga er ein viktig kulturbærar i og for kommunen. Dei deltek 1. og 17. mai , og andre kulturarrangement i bygdene, som julegrantenning, førjulskonsertar, Daledagar m.m. Dei er og gode ambassadørar for kommune både nasjonalt og internasjonalt.<br>Vaksdal Musikkråd er paraplyorganisasjon for musikklivet i kommunnen og har i tillegg til nemde kor og korps følgjande medlemmar:<br>AO bandet, Steinkopf trio og Vaksdal kyrkjelege fellesråd. | Medlemstala i korpsa og kora har gått nedover dei siste 10 åra.<br>Nyrekruttering er ei utfordring, kulturskulen kan saman med korps og kor vera pådrivar i dette arbeidet. Kulturskulen må setje fokus på opplæring av born, unge og vaksne på korpsinstrument og vidare lose dei inn i korpsmiljøa.<br>Det er viktig å halda på musikantane gjennom ungdomsåra.<br><br>Det er manko på gode øvingslokalar med tilhøyrande lagringsplass for instrumentpark og notearkiv.<br><br>Det er viktig at kommunen bidreg økonomisk til drift av korps og kor, og til finansieringa når det blir investert i nye instrument og materiell. | Me ynskjer eit levande korps- og kormiljø i bygdene,- både for born, ungdommar og vaksne.<br>Me ynskjer at kommunen har støtteordningar til drift av samtlege korps og kor samt ved kjøp av instrument i korpsa.<br><br>Me ynskjer eit godt samarbeid med kulturskulen for å kunne sikre god direksjon, satsing på undervisning i korpsinstrument, eit aktivt rekrutteringsarbeid og vidare losing av elevar inn i både korps og kor.<br>Me ynskjer at kulturhallen vert bygd som eit framifrå konsertlokale.<br>Det er viktig for både korps og kor med gode lokaler for både øvingar og konsertar i kommunen.<br><br>Samtlege korps og kor ynskjer framleis å vera ein viktig miljøskapar og aktør i kulturlivet i Vaksdal kommune.<br>Me vil gje barn og unge eit trygt og godt musikalsk miljø (musikk og song), der dei kan utfordra, utvikla og by på seg sjølv.<br>For å stimulera og motivera til eit positivt korps og kor miljø i kommunen kan samarbeid mellom laga vera ein viktig faktor. For dei unge utøvarane vil samarbeid med vaksne vera interessant og utviklande. Samarbeid utover kommunegrensene er og positivt for den musikalske utviklinga.<br>Me vil vere synlege i lokalmiljøa og samlande for bygdene, og bidra til skapande musikalsk samhald på tvers av bygdene. |

| 3.5. Idrett<br>Vaksdal idrettsråd har ordett | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| Me har gode og velfungerande idrettslag i alle bygdene i Vaksdal kommune, med totalt omlag 1600 medlemmar fordelt på;<br>• Vaksdal Idrettslag<br>• Stanghelle Idrettslag<br>• Dale Idrettslag<br>• Stamnes Idrettslag<br>• Eksingedalen Idrettslag<br>• Bergsdalen Idrettsutval<br>• Geitbotn Motocrossklubb<br>• Vaksdal Sportsskyttarklubb<br><br>*Lista er ikkje uttømande* | Idretten i Vaksdal kommune er den største møteplassen for innbyggjarane i kommunen. Det er ein av dei beste arenaene for integrering av tilflyttarar og nettverksbyggjing. Idretten er det største utstillingsvindauget for Vaksdal kommune. Det kjem om lag 10 000 besøkjande utanfrå kommunen til våre arrangement, med Geitabakken som den største.<br><br>All aktivitet er dugnadsbasert. Vaksdal kommune ligg heilt i toppen når det kjem til dugnadstimar pr. innbyggjar innan idrett, målt opp mot tal for Hordaland. Til saman blir det gjort mellom 35-40 000 dugnadstimar fordelt på idrettslaga pr. år. Her er veldig mange som gjer ein kjempejobb, men idretten har behov for å rekruttere fleire så arbeidsoppgåvene kan fordelast betre.<br>Idrettslaga jobbar godt seg imellom, men likevel er det rom for forbetring. Ein ynskjer òg eit tettare og endå betre samarbeid mellom idrettslaga og kommunen.<br><br>Drift og vedlikehald av anlegga er uklart definert av Vaksdal kommune.<br>Aktiviteten i fotball er større enn kapasiteten til enkelte anlegg. Dette gjeld spesiellt Geitabakken og Stanghelle ballbane. | All barneidrett skal  vere gratis.<br>Hovudmålet til idrettslaga er å skape aktivitet blant innbyggjarane i kommunen.<br>I kommunen fins det mange flotte og gode arenaer for å utøve aktivitetane våre. Dei seinare åra har det kome nye, men det er nødvendig med vedlikehald og oppgraderingar av både nye og gamle anlegg. Hovudfokus på:<br><br>Fortsetje tilbodet om aktivitet på skulane i kommunen. Alle idrettslag i kommunen er avhengige av tilgong til skular, gymnastikksalar og samfunnshallar for å kunne oppretthalde tilbodet. Dette må takast med i skuledebatten som er starta. Mange av tilboda våre kan verta øydelagde om denne tilgangen vert borte.<br><br>Samarbeid mellom idrettslaga og kommune må bli betre.<br>Ynskjeleg med ein fast ansatt i kommunen med hovudansvar for idretten. Denne vil bidra med å styrkje økonomien både til idrettslaga og kommunen. |



## 3.6. Friluftsliv / fellesrom / møteplassar

| Slik har med det | Vurderingar / utfordringar | Dette ynskjer med for framtida |
|---|---|---|
| **Vaksdal har ein natur som innbyr til rekreasjon frå fjord til fjell.**<br><br>**Friluftsliv:**<br>I fjellet tilbyr kommunen villmarksleiren på Småbrekke med trelavu, toalett, kanoar, klatrefelt, bord og benkar. Frå Småbrekke går Militærvegen innover fjellet. T-merka løyper og hytter har Bergen og Hordaland Turlag i Bergsdalen og Stølsheimen.<br>Det er også lokalt merka stiar i privat regi og av Fotalagje i dei fleste bygder. Ein del av desse ligg på GOTur-appen.<br>I Skipshelleren tilbyr kommunen guiding for skuleklassar og andre grupper. Dette er populært og det kjem skular frå heile Hordaland i mai og juni kvart år.<br>På Stanghelle vart det i 2015 laga ei padlebryggje og utlån av havkajakkkar i samarbeid med Stanghelle idretslag.<br><br>Bergen og omland friluftsråd (BOF)står for vedlikehald av områda:<br>•Sildestadskjæret badeplass<br>•Agnavika badeplass<br>•Follavika, ankerfeste for båt<br>•Skipshelleren, sti, kai og bygg<br>•Kai på Veo<br>•Kai på Grøttå<br>•Kai på Stanghelle<br>•Padleanlegg på Stanghelle<br><br>Andre badeplassar er;<br>•Toskedalsvatnet<br>•Vikavatnet (Stamnes)<br>•Kattahølen (Øyane Stamnes)<br>(Lista er ikkje uttømande)<br>Båthamner:<br>•Ny båthamn på Stanghelle, 2015<br>• Ny kai på Kai på Vaksdal, 2015<br>• Ny båthamn på Stamnes, 2014<br>• Kai på Eidsland | Kommunen har ikkje pr. i dag noko eigne godt tilrettelagde gjeste-båthamner med sal av drivstoff, påfylling av vatn m.m. På Stamnes kan ein leggja til og kjøpa drivstoff og mat på butikken. Drikkevatn og drivstoff er ikkje ført ned på kaien.<br><br>Ein del av kaiane er i dårleg forfatning og treng vedlikehald.<br><br>Dei fleste kulturminna i kommunen er ikkje merka med infoskilt. Det trengs vedlikehald og rydding ved mange av dei. | Me ynskjer å prioritera følgjande tiltak i planperioden:<br><br>Få tilrettelagt fleire båthamner<br><br>Sikring og skilting av lokale kulturminne og friluftsområde<br>Vedlikehald av historiske vegar<br>Etablera kultursti i kvar av dei store tettstadene.<br><br>Årleg kultur/friluftsdag i kommunen<br><br>Gjennomgang og status på offentlege kaiar. |



Foto: Lavuen på villmarksleiren på Småbrekke og Skipshelleren sitt «store tak».



## 3.7. Born og unge
## Ungdomsrådet har ordet

| Slik har med det | Vurderingar / utfordringar | Dette ynskjer med for framtida |
|---|---|---|
| Det er tre kommunale ungdomsklubbar i Vaksdal kommune; på Vaksdal, Stanghelle og på Dale. Ungdomsklubbane er for born og ungdom frå 1 skuletrinn til 18 år.<br><br>Dale ungdomsklubb: Lokale i Dalekjellaren, har eige klubbstyre. Har « opne dagar»( kort/ brettspel, sosialt samvære, høyre på musikk, filmkveldar, playstation, biljard), diskotek for born 1-4 klasse og 4-8 klasse ein fredag i mnd.<br><br>Stanghelle ungdomsklubb: Lokale i kjellaren på skulen på Stanghelle, har eige klubbstyre. Har « opne dagar» ( kortspeling, biljard, sosialt samvære, filmkveldar, høyre på musikk), Lan/ data- arrangementer, pokerturneringar. Diskotek for born 1-4 klasse( annankvar mnd) og 4- 8 klasse( annankvar mnd), ungdomsdiskotek for ungdom frå 8 klasse-18 år( ein gong i mnd)<br><br>Vaksdal ungdomsklubb: Lokale i eine delen av Vaksdal skule, eige klubbstyre. Har « opne dagar»( kortspel, biljard, høyre på musikk, sosialt samvære). Diskotek for born 1-4 klasse( annankvar mnd), diskotek for born 4-8 klasse( annankavar mnd) , ungdomsdiksotek for ungdom frå 8. klasse- 18 år( ein gong i mnd)<br><br>Ungdomstilbod i kommunen, *lista er ikkje uttømande*:<br>• Vaksdal kommune – Villmarksleir<br>• Vaksdal kommune – Ungdommens kulturmønstring<br>• Tilbod gjennom ungdomsklubbane<br>• 16. mai arrangement i Turbinen<br>• Tilbod gjennom Vaksdal folkebibliotek<br>• Tilbod gjennom Vaksdal kulturskule<br>• Tilbod gjennom kyrkja i Vaksdal<br>• Tilbod gjennom Vaksdal Idrettsråd<br>• Tilbod gjennom Vaksdal Musikkråd | For mykje vaksenstyrt på ungdomsklubbane.<br><br>Dårlege vegar i kommunen.<br><br>For lite, og for dårleg informasjon om kva som skjer av aktivetetar i kommunen<br><br>Dale barne- og ungdomsskule ligg for langt frå Turbinen og Geitabakken<br><br>Vi må få bruke Turbinen meir.<br><br>Betre samarbeid mellom ungdomsklubbane.<br><br>Kva skjer med tilrettelegging av aktivitetar på heimplassen vår når me vert ein ny storkommune? | Ynkjer friare bruk av lokala som er laga for ungdommane<br><br>Møteplasser<br><br>Benkar med tak på skuleplassen<br><br>Treningsrommet i Turbinen bør vera ope for alle ungdomsskuleelevar<br><br>Ynskjer fleire håndballlag<br><br>Betre busstilbod til Stamnes og Eidslandet<br><br>Tilbod som konfirmantar, men ikkje kristleg (borgarleg)<br><br>Ungdomslokale i staden for kulturhus<br><br>Betre digitale verktøy på skulane<br><br>Fleire aktivitetsdagar i Turbinen<br><br>Ungdomslokala skal vera opne, reine, lyse, møblert og godt vedlikeholdt.<br><br>Ungdomslokala skal vera ein plass der me trivst og har det kjekt i lag.<br><br>Trådlaust, gratis internett<br>Rom til andre aktivitetar enn diskotek (prat, spel mm). |

| 3.8. Vaksen og eldre<br>Eldrerådet har ordet | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| I kvar kommune skal det vera eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden. Eldrerådet i Vaksdal har 5 medlemar, 2 er frå kommunestyret og 3 skal vera pensjonistar. Pensjonistlag i kommunen kan koma med framlegg til medlemmer.<br><br>Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for dei eldre, til dømes budsjett, økonomiplan og saker etter plan- og bygningsloven.<br><br>1. oktober er FN sin internasjonale eldredag. I 10 år har Eldrerådet markert denne dagen med ein fest for eldre i heile kommunen. Dei fleste arrangement har vore i samfunnsalen på Stanghelle skule. Det har vore god oppslutnad med opptil 110 påmelde. Den gode oppslutnaden syner at dette er eit viktig arrangement.<br><br>Eldrerådet har nå fått ansvar for innhald og fordeling av den kulturelle spaserstokken. Dei fleste arrangement er på institusjonane, men det blir også sett av midler til markering av Eldredagen.<br><br>I kommunen er det aktive pensjonistlag på Dale; Vaksdal og Fagforbundet sitt pensjonistutval som femner heile kommunen.<br>Røde kors har besøksteneste på Dale og Vaksdal.<br>På Dale er det gruppe for seniordans.<br><br>Eldrerådet samarbeidar med Frivilligsentralen og har ein representant i styret. | Festen på Eldredagen er eit krevjande arrangement for medlemane i Eldrerådet.<br><br>Fleire lokale pensjonistlag i kommunen<br><br>Organisert trim for eldre.<br><br>Auka aktivitet frå lokale krefter via den kulturelle spaserstokken | Samarbeid med Ungdomsrådet for å arrangera Eldredagen.<br><br>Lette turløyper og stiar der det er mogeleg å nytta rullator.<br><br>Organiserte gåturar i nærmiljøet. Samarbeid med Frivilligsentralen og Fotalaje. |

## 3.9 Kyrkja / trussamfunn
## Kyrkjeleg fellesråd har ordet

| Slik har med det | Vurderingar / utfordringar | Dette ynskjer med for framtida |
|---|---|---|
| I Vaksdal kommune er det fleire trussamfunn som er representert, men Kyrkja er den største. Kyrkja i Vaksdal er ein vesentleg kulturberar. Song, musikk, kunst og kunst-uttrykk er sentrale element i alt som skjer i kyrkja.I Vaksdal er det sju kyrkjer i seks sokn. Kyrkjene har eit breitt gudstenestetilbod som inkluderer frilufts-gudstenester, og kyrkja legg til rette for kyrkjelege handlingar.<br><br>Kyrkjene i Vaksdal vert ofte brukt til konsertar ikkje minst på grunn av god akustikk. Dale kyrkje og Vaksdal kyrkje er dei kyrkjene som vert mest brukt til konsertar. Kyrkja driv Korskulen i Vaksdal. Det er eit ope tilbod til alle born og unge i kommunen i alderen 0 -18 år. Songkoret Kilden er ein viktig del av kyrkjelydane i Vaksdal sitt arbeid. Koret samarbeidar med Korskulen og deltek aktivt i arbeidet med ungdomar.<br><br>Kyrkja driv trusopplæring som er ope for alle born og unge i kommunen. Det er eit tilbod der ulike aktivitetar inneheld song og musikk, idrett, kunst og kulturuttrykk. | Kyrkjene må bli vedlikehaldne på ein god måte for å kunne fortsetja å væra ein sentral kulturberar.<br><br>Kyrkja ynskjer eit breiare samarbeid med kommune / trussamfunn/ ulike frivillige organisasjonar når det gjeld kulturelle tilbod.<br><br>Kyrkja ynskjer å ivareta den kyrkjemusikalske tradisjonen ein står i, og samstundes fornye den med nyare musikk og nye genre.<br><br>I alt arbeid er ein oppteken av kvalitet i det som vert framført og presentert. Det gjeld alt frå gudstenesteliv, kyrkjelege handlingar og trusopplæring, til konsertar og ulike kulturtiltak. | Eit endå betre samarbeid med kommunen når det gjeld vedlikehald og drift.<br><br>Ha fleire kulturelle tiltak som stimulerer til kontakt på tvers av organisasjonar og lag i Vaksdal kommune.<br><br>At kyrkja fortsatt er ein aktiv aktør i det kulturelle arbeidet i Vaksdal kommune.<br><br>At kyrkja framleis kan vere folkekyrkje. At kyrkja framleis kan oppretthalde tilbodet til Korskulen/Kilden.<br><br>Kyrkja ynskjer universelle utformingar slik at ein lettare kan gje eit godt tilbod til alle. |



*Bilde: Stamnes kyrkje feirte 150-års jubileum i 2011. Foto: Svein Tøsse*

| 3.10 Kultur / næring | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| I Vaksdal kommune er om lag 220 landbrukseigedomar. I august 2015 søkte 49 næringsretta føretak om produksjonstilskot i jordbruket for om lag 65 landbruks-eigedommar. Eigedomane vart drivne både som hovudnæring og åttåtnæring til anna arbeid.<br><br>Dei fleste, næringsretta gardsbruka i kommunen driv med tradisjonelt husdyrhald. Likevel har enkelte òg utvikla sidenæringar som satsingsområde, hovudsakleg knytt til gardsturisme og produksjon av lokal gardsmat. Dette gjeld særleg Verpelstad gard og Bergsdalstunet, men andre er òg i ferd med å utvikle liknande satsingar. | Det er som regel både arbeids- og kapitalkrekrevjande å setje i gong med lokale næringsprosjekt. I tillegg vert det stilt krav til innsikt, kunnskap og kompetanse, for å gjere dei retta vala.<br><br>Dei som set i gong med slike næringssatsingar, treng oppmuntring, støtte og hjelp for å halde oppe aktiviteten, både i etablerings- og utviklingsfasen. I dette høve er gode kontaktpunkt, nettverk og støtteapparat av viktig tyding. Kommunen har såleis ei sentral rolle med å følgje opp lokale initativ og prosjekt, ved informasjon, kunnskapsformidling og tilrettelegging for praktisk drift.<br><br>Ei framtidig utfordring vil vere å medverke til varierte teneste- og produkttilbod innafor den kulturbaserte næringsutviklinga i landbruket, og å sjå mogelegheitene som ressursgrunnlaget på landbrukseigedommen – og i bygda - gjev, gjerne gjennom samarbeid mellom fleire tilbydarar. | • Stimulera til bygdeutvikling og kulturbasert næringsutvikling/ grøn kulturisme , som gjev lønsemd for tilbydarane.<br>• Møteplassar/nettverk for gründarar/tilbydarar.<br>• Torg for sal av lokal produkt.<br>• Fleire produkt- og tenestetilbod innafor kulturbasert næringsutvikling.<br>• Integrert/tverrfagleg samarbeid i kommunen.<br>• God kontakt med fylket, fylkeskommunen og Innovasjon Norge.<br>• Utvikle gardane som stad for læring og oppleving for ulike grupper, mellom anna gjennom «Inn på tunet». |



*Bilde: Bonde Eidrunn Straume Normann har med seg lamb i undervisninga på Stamnes skule.*

| 3.11 Fleirkulturell | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| Vaksdal er ein kommune med innbyggjarar frå veldig mange ulike nasjonar. Det er både flyktningar og innvandrar. Alle desse personane som kjem frå andre land enn Noreg har sin kultur og religion med seg.<br><br>Ein sentral del av integreringa er å få vera med i lokalsamfunnet. | Integrering kan vera utfordrande og krev at alle innbyggjarane (både etnisk norske og andre) finn rom for å møta kvarandre med nysgjerrigheit og respekt.<br><br>Vaksdal kommune treng å jobba systematisk med integreringsarbeidet. Her er lokale frivillige organisasjonar og einskildmenneske som ynskjer å bidra ein viktig faktor for å lukkast. Det må og vera ein forventing om at dei som kjem til kommunen ynskjer å vera med og bidra i lokalsamfunnet.<br><br>Vaksdal kommune har gode etablerte møteplassar. Desse ynskjer me å vidareutvikla. | Bruka innbyggjarar aktivt i kurs / møter / prosessar for å auka kunnskap og forståing om kvarandre sine kulturar og tradisjonar (mat, handarbeid, kunst, musikk / dans med meir.)<br><br>Gode etablerte rutinar for intergrering i lokale lag og organisasjonar for både barn og vaksne.<br><br>Nytta FN dagen (24.10) til å feira kvarandre og bli kjent med kvarandre sine kulturar. |



*Bilde: Innvandrar-treff i Dalehallen 2011.*

| 3.12 Kulturminnevern | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| I Vaksdal har utarbeidd ein kulturminneplan for 2015-2018. Her legg me opp til bruk og skjøtsel av dei viktige kulturmimna.<br><br>Kulturminne av spesiell interesse kan nemnast:<br>• Skipshelleren<br>• Kallestadstova<br>• Skulemuseet<br>• Toskedalsstova<br>• Eikefet med røyktove og sag<br>• Kåstad gamal bu<br>• Vik, naustmiljø<br>• Brørvikskuto<br>• Laksegiljene ( 8 inntakte)<br>• Vegen Grøttå-Botnen<br>• Militæregen på Småbrekke<br>• Steindammar i  Vaksdalfjellet<br>• Dale fabrikkbygningar<br>• Vaksdal fabrikkbygningar<br>(Lista er ikkje uttømande) | Kommunen har ikkje pr. i dag noko eigna lokale for lagring av historisk materiale.<br><br>Å sikra og vedlikehalda kulturminne krev ofte store investeringar og løpande utgifter.<br><br>Det kan ofte vera konfliktar mellom ynskje om utbyggingar / nybygg og ivaretaking av kulturminne.<br><br>Riksantikvar og andre instansar set også ofte svært store krav til reparasjon og vedlikehald av kulturminne. Dette medfører i mange tilfelle at eigar ikkje ser seg råd til å vedlikehald. | Me ynskjer å prioritera følgjande tiltak i planperioden:<br><br>•Oppretta eit lokale til arkivering av historisk materiale.<br><br>•Sikring og skilting av kulturminna<br><br>•Opprusting og vedlikehald av historiske vegar som Grøttåvegen Etablera kultursti i tettstader og bygder |



*Bilde:Skutenaustet på Kvamsholmen på Kvamme under arbeid. Det er no i 2015 ferdig med veggar og takstein med midlar frå fylkeskommunen og dugnad frå Skutefolket. Under:Brørvikskuto som er ein moderne kopi av ei gamal veaskute frå Osterfjorden.*



| 3.13 Kultur i regional samanheng | | |
|---|---|---|
| **Slik har med det** | **Vurderingar / utfordringar** | **Dette ynskjer med for framtida** |
| Inn på fabrikken til Dale of Norway på Dale. Omvisning for grupper om historien og produksjonen i dag.<br>Daledagane<br><br>Vintertreffet på Vaksdal<br>Småbrekke villmarksleir og militærveg<br><br>Skipshelleren, skuleopplegg med «ein dag i steinalderen»<br>Bergsdalen opp (motbakkeløp frå Dale til Storefossen) | Vaksdal har potensiale til å markera seg innan kulturarbeid i regional samanheng på fleire område. Friviljuge lag og organisasjonar kan saman med kommunen gjera dette til ein realitet.<br><br>Det er viktig å satsa på dei kulturelle attraksjonane våre som regionale anlegg og henta ut dei tilskotsmidlar som er tilgjengelege. | Kommunen ynskjer å støtta opp under dei tiltaka som innbyggjarane set i gang for å driva kulturarbeid i regionen vår. |



*Bilde: Musikk og idrett hand i hand gjev viktige opplevingar og gode møteplassar for dei unge.*



## 4.0. TILTAKSPLAN

Her er tiltaka innan kvart målområde prioritert og kostnadsrekna i den grad det har vore mogeleg. Ein gjer merksam på at dette er ein anbefaling. Dei einskilde tiltaka vert å prioritere innanfor dei kvar tid gjeldande rammane i økonomiplan og årsbudsjett, eventuelt i einskildvedtak for større investeringar.

**Tiltaka er gruppert i ulike kategoriar:**

- **Raud gruppe Tiltak som bør prioriterast i planperioden, men som ikkje kan løysast innan eksisterande rammer.**
- **Blå gruppe Tiltak som bør prioriterast i planperioden, men som kan løysast innan eksisterande rammer.**

### 4.1. Kulturskulen

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/ år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.1.1 | Bandtilbod til elevar i barne- og ungdomsskulealder. Frå hausten 2015 | Vaksdal kommune | 25000 | Styrke musikkgleda og samspelet mellom dei unge |
| 4.1.2 | Lage kurstilbodet Kreativ Verkstad for elevar på 8.-10. trinn som knyt kulturskulen tettare saman med DALEKUNST. Frå hausten 2015 | Vaksdal kommune | 5000 | Lage relevant tverrfagleg tilbod for å halde på elevar i ungdomsskulealder |
| 4.1.3 | Implementere trafikksiker kommune i kulturskulen | Vaksdal kommune | | Bidra til bevisstgjering og gode haldningar |
| 4.1.4 | Implementere ideane frå ny rammeplan for kulturskulen. | Vaksdal kommune | | Styrke kulturskulen lokalt og nasjonalt |
| 4.1.5 | Gå inn i eit tettare samarbeid med barnehagane. | Vaksdal kommune | 10000 | Styrke rekrutteringa til kulturskulen og musikkunnskap hjå dei tilsette i barnehagane |
| 4.1.6 | Involvere kulturskulen i integreringsarbeid. Frå hausten 2015 | Vaksdal kommune | | Utnytte evt ledig kapasitet og styrke kulturskulen si rolle |

### 4.2. Bibliotek

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/ år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.2.1 | Månadens forfattar-arrangement for vaksne, frå hausten 2015. Satse på månadlege forfattartreff for vaksne ein gong i månaden. Prøve å få prosjektet finansiert med eksterne midlar. | Vaksdal kommune | 50000 | Auka interesse for bøker og lesing. Styrke biblioteket som sosial møteplass. |
| 4.2.2 | Månadens ungdomsforfattar 2016. Biblioteket har fått kr. 50000.- frå Fritt Ord til dette prosjektet. | Vaksdal kommune | 50000 | Auka interesse for bøker og lesing. Styrke biblioteket som sosial møteplass. |
| 4.2.3 | Sjakkturneringar for barn og vaksne frå hausten 2015 | Vaksdal kommune | 4000 | Styrke biblioteket som sosial møteplass |
| 4.2.4 | Eventyrstunder frå hausten 2015 | Vaksdal kommune | 0 | Auka interesse for bøker og lesing. Biblioteket som sosial møteplass |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4.2.5 | Etablering av «opne bilbiotek» med Vaksdal som pilot. | Vaksdal kommune | 200.000 | Gjere biblioteket tilgjengeleg frå morgon til kveld. Auka interesse for bøker og lesing. |

## 4.3. Kulturbygg

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.3.1 | Kultursal tilgjengeleg for alle | Vaksdal kommune | | |
| 4.3.2 | Kulturbygg, gjerne med samling av fleire funksjoner. | Vaksdal kommune | | |

Kulturbygg/kultursal ver å handsame som eige sak i Kommunestyret.

## 4.4. Song og Musikk (prioritert av Vaksdal musikkråd)

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.4.1 | Kultursal | Kommune | | |
| 4.4.2 | Øvingslokaler | Kommune | | |
| 4.4.3 | Lagringsrom i øvingslokala | Kommune | | |
| 4.4.4 | Setje trafikktryggleik på dagsorden | Kommune og musikkråd | | Bidra til bevisstgjering og gode haldningar |
| 4.4.5 | Kommunal støtte til kor og korps.<br>Tilskot 2015 kr. 80.000 | Kommune | | |
| 4.4.6 | Tilskot til instrument<br>Tilskot 2015 kr. 32.500 | Kommune | 120 000 | Kunna ha ein tidsmessig instrumentpark |
| 4.4.7 | Aktivt samarbeid med kulturskulen | Musikkråd og kulturskule | | Betre rekruttering |
| 4.4.8 | VMR handlingsplan<br>- Internettside<br>- Gå på kvarndre sine konsertar<br>- Aktiv bruk av kulturkalender | Vaksdal musikkråd | | |

## 4.5. Idrett (prioritert av Vaksdal idrettsråd)

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.5.1 | **Prioritert**<br>Ballbana i Eksingedalen må oppgraderast. | Vaksdal kommune og dugnad | 330 000 | |
| 4.5.2 | Kunstgrasbane på Stanghelle. | Vaksdal kommune og dugnad | 3 570 000 | |
| 4.5.3 | Geitabakken | Vaksdal kommune og dugnad | | |
| 4.5.4 | Utvide og oppgradere Vaksdal idrettspark med fleire aktivitetstilbod. | Vaksdal idrettslag | 595 000 | |
| 4.4.4 | Setje trafikktryggleik på dagsorden | Kommune og musikkråd | | Bidra til bevisstgjering og gode haldningar |
| 4.5.5 | **Uprioritert**<br>Stanghelle ynskjer ein utstyrsbod | Stanghelle IL | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | for fotball og aktivitetspark. | | | |
| 4.5.6 | Hinderløype og klatrevegg på Stamnes. | Stamnes idrettslag | | |
| 4.5.7 | Oppgradering av skileikanlegg og lysløype | Idrettslag | | |
| 4.5.8 | Klubbhusa på Vaksdal og Geitabakken blir pussa opp og anlegga setjast i god stand. Drift og vedlikehald må prioriterast høgare av Vaksdal kommune. | Vaksdal kommune | | |
| 4.5.9 | Kunne leggje til rette for nye eller tidlegare aktivitetar som ynskjer oppstart. | Vaksdal kommune og dugnad | | |

Vaksdal kommune skal yte bistand til klubber i samband med søknad om tippemidlar og andre midlar. For anlegg som ert bygd på kommunal eigedom skal driftsmodell og driftskostnader for kommunen framgå av søknaden før kommunal godkjenning av prosjektet.

## 4.6. Friluftsliv / fellesrom / møteplassar

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.6.1 | Få tilrettelagt fleire båthamner | Kommune / private. | Kr 10 000 | Auka og trygg ferdsel på fjorden |
| 4.6.3 | Vedlikehalda villmarksleiren på Småbrekke | Vaksdal kommune | Kr 5 000 | akitivtetsområde |
| 4.6.4 | Vedlikehalda Skipshelleren som besøksområde | Vaksdal kommune | Kr 5 000 | akitivtetsområde |
| 4.6.5 | Halda fram med avtalen med BOF | Vaksdal kommune | Kr 55 000 pr år | Auka friluftsaktivitet langs fjorden |

## 4.7. Barn og ungdom (prioritert av ungdomsrådet)

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.7.1 | Opprette eit ungdomshus. | Vaksdal kommune | Drift: 300,000,- | |
| 4.7.2 | Innleie dialog med Modalen/Eksingedalen Billag om «ungdomsvenlege ruter». | Vaksdal kommune | Uvisst om evt, rute-endringar vil krevje vederlag frå kommunen | |
| 4.7.3 | Ha ein forslagskasse til ungdomskontakten på ungdomsskulen på Dale, og på andre sentrale stader i kommunen | Ungdomsråd | Ein postkasse eller fleire 400 kr. Pr. stk | |
| 4.7.4 | Lage ei nettside for ungdommane i Vaksdal, med mellom anna aktivitetsoversikt, og med moglegheit for tilbakemelding, spørsmål, forslag. | Vaksdal kommune /ungdomsråd | Domeneavgift 200 kr. årleg | |
| 4.7.5 | La ungdommane gjennbruke teknisk utstyr/datautstyr som kommunen kasserer. Brukes eks, til LAN-partys o.l. | Vaksdal kommune | | |
| | Opprette ei idegruppe frå Stamnes, Eidslandet, Eksingedalen og Bergsdalen. Gruppa skal jobbe med å utvikla lokale møtepunkt i desse bygdene. | Vaksdal kommune | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4.7.6 | Opprette ei idegruppe for «vaksne ungdommar» og «unge vaksne». Gruppa skal jobbe med å utvikle sosiale samlingsstader for aldersgruppa 18-25 | Vaksdal kommune/ Ungdomsrådet | | |
| 4.7.7 | Utbetre tilskotsordninga for tilflyttarar til kommunen, og dei som flyttar «heim att». | Ungdomsrådet føreslår ein komité valt av kommunestyret | | |

## 4.8. Vaksne og eldre

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.8.1 | Utvikla tiltak med eldretrim | Lag, organisasjonar og Frivilligsentralen | | Positivt for psykisk og fysisk helse, trivsel og sosial omgang. |
| 4.8.2 | Møtelokale for eldre i bygdene våre | Vaksdal kommune i samarbeid med pensjonistlag | | Sosial omgang er helsefremjande |
| 4.8.3 | Fleire kulturaktivitetar på institusjonar | Samarbeid med skule, kulturskule og musikkrådet | | Trivsel for bebuarane |

## 4.9. Kyrkja/trussamfunn (prioritert av fellesrådet)

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.9.1 | Arbeid med universell utforming av Dale kyrkje og dei andre kyrkjene i Vaksdal. | Fellesråd/Vaksdal kommune. | | Lettare tilkomst for alle til konsertar, gudstenester og kyrkjelege handlingar. |
| 4.9.2 | Generelt vedlikehald av kyrkjene. | Fellesråd/Vaksdal kommune. | | Å fortsetja med å væra ein sentral kulturberar i kommunen. |
| 4.9.3 | Ha fleire kulturelle tiltak som stimulerer til kontakt på tvers av organisasjonar og lag i kommunen. | Vaksdal kyrkjelege fellesråd | | |

## 4.10. Kultur/næring

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.10.1 | Møteplass og torg for sal av lokale produkt. | Felles næringsliv og Vaksdal næringselskap | | Folk vert kjende med produkta. |
| 4.10.2 | Etablere næringsutvikling i landbruket som del av arbeidet til Vaksdal Næringsråd. | Felles landbruk og kommune/ næringssseslkapet | | Meir samordna og målretta organisering av det næringsretta arbeidet. |
| 4.10.3 | Arrangere næringsretta samlingar, lokalt. | Felles næringsliv og | | Informasjon, kunnskaps-formidling, idèutvikling og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | næringsselskapet | | nettverk. |
| 4.10.4 | Direktekontakt med lokale gründarar/tilbydarar/næringsaktørar – oppsøkjande verksemd. | Vaksdal Næringsselskap | | Tilrettelggje for- og følgje opp lokale gründarar/tilbydarar. |
| 4.10.5 | Delta aktivt i prosjekt og samlingar i regi av fylkesmannen, fylkes-kommunen og Innovasjon Norge. | Felles næringsliv, kommune og næringselskap | | Informasjon, kunnskap, inspirasjon, prosjekt-deltaking, nettverk. |

## 4.11. Fleirkulturell

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.11.1 | Etablera møteplassar der framande kulturar møter kvarandre og vår eigen kultur | Samarbeid frivillige lag/organisasjonar og kommunen. | | |

## 4.12. Kulturminnevern

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.12.1 | Sikring og skilting av lokale kulturminne | Vaksdal kommune / Historielaget | | Folk vert kjende med objekta og ein tek betre vare på dei |
| 4.12.2 | Etablera kultursti i tettstadene | Vaksdal kommune / Historielaget | | Folk vert kjende med objekta og folk får trim |
| 4.12.3 | Vedlikehald av historiske vegar | Samarbeidsprosjekt | | Ein tek vare på objekta |
| 4.12.4 | Fast årleg kulturdag i kommunen | Samarbeidsprosjekt | | Folk vert kjende med objekta |

## 4.13. Kultur i regional samanheng

| Tiltak nr | Tiltak | Ansvar | Kostnad/år | Effekt |
|---|---|---|---|---|
| 4.13.1 | Marknadsføring av Stølsheimen og Bergsdalen som turområde | Bergen og Hordaland turlag, kommunen | | |
| 4.13.2 | Marknadsføra Skipshelleren | Vaksdal kommune | | |
| 4.13.3 | Marknadsføra Småbrekke villmarksleir | Vaksdal kommune | | |



*Bilde: Dalegarn med eigen produksjon av garn til juni 2014. No kan turistar gjennom prosjektet «inn på fabrikken» sjå produksjonen og få historien til fabrikken.*

# 5.0. VEDLEGG

## 5.1. Lagsoversikt

For kontaktinformasjon vert det vist til hefte med lagsoversikt.

**Idrett:**

- Bergsdalen Idrettsutval
- Dale IL
- Eksingedalen IL
- Geitabotn Motocrossklubb
- Stamnes IL
- Stanghelle IL
- Vaksdal IL
- Vaksdal Sportsskyttarklubb



**Song og Musikk:**

- AO-Bandet
- Blanda Drops
- Blanke Messingen
- Dale Mannskor
- Dale Musikkforening
- Kilden
- Kleivakongen & dei
- Kordial
- Stamnes babysong
- Stamnes Barnekor
- Stanghelle/Dale Barnesongkor
- Steinkopf Trio
- Torsdagsklubben
- Vaksdal Barne og Ungdomskorps
- Vaksdal Musikklag
- Vaksdal musikklubb
- Vaksdal Musikkråd



**Div. lag og organisasjonar:**

- Bergsdalen jordbrukslag
- Bergsdalen kvinne og familielag
- Bergsdalstunet
- Bygdedagar i Bergsdalen
- Daledagane
- Dalastova pensjonat
- Dale fotoklubb
- Dale jakt og fiskarlag
- Dale og Stanghelle indremisjon
- Dale og Stanghelle indremisjon (Ving)
- Dale pensjonistlag
- Dale rotary
- Dale røde kors
- Dale røde kors hjelpekorps
- Dale seniordans
- Dale ungdomsklubb

- Dale/Vaksdal grunneigarlag
- Eidsladet grendalag
- Ekse grendahus
- Eksingedalen bygdaråd
- Eksingedalen/Vaksdal bondelag
- Eksingedalsmarknad
- Forsamlingshusets venner
- Fotalaje
- Gullbrå hytteutleige
- Grendahuset Ljosheim
- Haugen gard
- Kulturdagar på Stamnes
- Kunstlaget i Vaksdal
- Nedre Eksingedalen grunneigarlag
- Sandvik vellag
- Sandsliane hundeklubb
- Skutefolket
- Stamnes grendalag
- Stamnes grunneigarlag
- Stanghelle Båtforening
- Stanghelle Humørklubb
- Stanghelle ungdomsklubb
- Stanghelle vellag
- Stamnes bedehus
- Stavenes vellag
- Trollkjelen fotoklubb
- Vaksdal eldreråd
- Vaksdal frivilligsentral
- Vaksdal historielag
- Vaksdal hyttelag
- Vaksdal husflidslag
- Vaksdal lag for funksjonshemma
- Vaksdal underhaldningslag
- Vaksdal ungdomsklubb
- Vaksdal ungdomsråd
- Vaksdal og Modalen Hundeklubb
- Vaksdal/Modalen skogeigarlag
- Vaksdal pensjonistlag
- Vaksdal vel/Synkens venner
- Vaksdal revmatikarlag
- Vaksdal røde kors
- Vaksdal røde kors omsorg
- Vaksdal røde kors hjelpekorps
- Veafjorden grendalag
- Verpelstad gard
- Veteranbussklubben
- Øvre Eksingedalen grunneigarlag





## 5.2. Idrettsanlegg

- Ballbingar – (Vaksdal – Stamnes – Dale)
- Eksingedalen nermiljøanlegg (Bergo, 7-ar fotballbane grus, lysløype)
- Geitabakken ( Sentralidretsanlegg på Dale,
  fotballbane med kunstgras ,naturgrasbane og løpebane)
- Kajakkanlegg (Stanghelle)
- Lysløype (Øyane på Stamnes)
- Motocrossbane (Geitabotn)
- Skileikanlegg/Lysløype ( Lid i Bergsdalen)
- Skytebaner (Eidsland, Toskedalen, Verpelstad, Nordalen, Ardalen, )
  Stanghelle aktivitetspark (BMX-bane , skatepark,sandvolleyballbane
- Symjehall - Dale Folkebad
- Tennisbane (Vaksdal og Gåsedammen på Dale)
- Turbinen Fleirbrukshall (Dale, ballspel, badmington, treningsrom)
- Vaksdal idrettspark



## 5.3. Organiserte idrettstilbod

- Badminton
- Crossfit
- Fotball
- Friidrett
- Handball
- Idrettskule for dei små
- Idrettsmerke
- Kajakk
- Langrenn
- Motbakkeløp
- Motocross
- Stamnestrimmen
- Småbarnstrim
- Turgruppe
- Turn/trampett
- Voleyball
- Zumba



## 5.4. Friluftsanlegg

- Elveparken i Sandliane (Dale, jungelløype, hundepark, bord og benkar i stein)
- Landskapsmuseet og Skipshelleren på Straume
- Parken på Dale (Holhovden)
- Paviljongen på Dale
- Småbrekke villmarksleir
- Truck Vaksdal ( jungelløype, leikehytte, bord og benkar )



## 5.5. Kulturhus

- Aktivitetshuset Vaksdal ( tidlegare Tabernaklet)
- Bergsdalen Kyrkje ( eigar Vaksdal kommune)
- Bergsdalen Ungdomshus
- Dale Bedehus
- Dalehallen ( eigar Vaksdal kommune)
- Dale Forsamlingshus
- Dale Kyrkje (eigar Vaksdal kommune)
- Eidslandet Kapell ( eigar Vaksdal kommune)
- Eidslandet Ungdomshus
- Ekse Grendahus
- Flatekval Kyrkje ( eigar Vaksdal kommune)
- Grøsvik Grendahus
- Lavik Ungdomshus (Eksingedalen)
- Ljosheim Ungdomshus (Eksingedalen)
- Nesheim Kyrkje ( eigar Vaksdal kommune)
- Sandvik Ungdomshus
- Stamnes Kyrkje ( eigar Vaksdal kommune)
- Stamnes Ungdomshus
- Stanghelle Bedehus
- Stanghelle Samfunnshall ( eigar Vaksdal kommune)
- Synken (aktivitetshus/Vaksdal)
- Tungelandsløa (øvingslokale for musikk/Dale) ( Vaksdal kommune)
- Turbinen Fleirbrukshall/Dale ( eigar Vaksdal kommune)
- Vaksdal Kyrkje( eigar Vaksdal kommune)
- Vaksdal Samfunnshall ( eigar Vaksdal kommune)



*Bilde under: Adventskonsert i Vaksdal kyrkje.*



Musikk og idrett hand i hand.

Lukk auga.
Tenk at alt som hender, eigentleg er poesi.
Poetiske manifestasjonar du ikkje har fått med deg
på grunn av all den praktiske organiseringa av livet.
Sosiale, biologiske, fysiske og åndelege forklåringar
har vore det som stort sett har vist seg,
då du heile tida har søkt forklåringar.
Opn så auga.

Tekst frå boka *Andre andre øvingar*, Kurt Johannessen 2012